



*Kulturminnet Malmanger Gard*  
*The Malmanger vicarage; a cultural heritage*

## Kulturminnet Malmanger gard

Malmanger gard har ei historie som går langt attende i tid, kanskje meir enn 1000 år. I tunet på prestegarden er det 8 freda bygningar frå litt ulike tidsbolka. Fleire av prestane på Malmanger hadde interesser som strakte seg langt utover teologien, og historia til Malmanger femner vidt, frå levekår, sosiale tilhøve, bygningshistorikk, landbruket si historie, naturtilhøve, klimaendringar og helsevesen. Malmanger har difor ein lang og sterk formidlingstradisjon. Då staten selde garden i 1991, freda Riksantikvaren samstundes alle bygningane og det vart ei omfattande og kostbar oppgåve for den nye eigaren, Anfinn Bondhus, å restaurera desse i samsvar med føringar frå antikvariske styresmakter.

## Malmanger Farm- a cultural heritage

*Malmanger farm has a history that reaches far back in time, perhaps more than a 1000 years. There are eight buildings in the cluster of houses comprising the vicarage, and these houses represent the various era the vicarage has existed. Many of the vicars of Malmanger farm were interested in subjects reaching far beyond theological matters. These interests include living conditions, social affairs, nature, the climate changes, the history of the farm and the farming community, and the health services in the community. In 1991, when the Norwegian state sold the farm, the Central Office of Historic Monuments put a restraining order on the houses restricting the new owner from making any alterations or modernizations to these houses. It became an expensive task for the new owner Anfinn Bondhus to restore all these buildings according to government restrictions.*



Den gamle Røykståva på Malmanger vart bygd før 1625, og er den eldste bygningen på tunet. Røykståva er bygd saman med ei lafta lemsståve (Gamlaståvo) og eit vedskjul, slik at bygningen dannar ei rekkje. Dette er eit av dei eldste husa i Kvinnherad, og ei av dei best bevarte borgståvene i Sunnhordland.

*The old cottage on Malmanger farm was built some time before the year 1625. It is one of the oldest houses in the municipality of Kvinnherad, and one of the best preserved open hearth cottages in the Hardangerfjord region.*




*“Bygningene på Malmanger prestegård er antikvarisk verdifulle. De er med på å gjøre Malmanger prestegård til et kulturminne av høy verdi.” Riksantikvaren 1991.*

*The Central Office of Historic Monuments state that: “The buildings on Malmanger vicarage are of great antiquarian value. They contribute in making Malmanger vicarage a cultural monument of national importance ( 1991).”*



Prestebustaden skal vera samansett av tre eldre lafta bygningar som kan vera frå tidleg på 1700 talet. Opphavelag var tunet på prestegarden lokalisert nærare sjøen. Skreder og flaumar medførte at tunet var fråflytta mellom 1625 og 1748, og i 1793 vart tunet flytta opp der det ligg i dag. Foto Røvde 1910.

*The main building is composed of building materials from three older houses. Originally the houses were located closer to the sea. Due to extensive river flooding and land slides, the vicarage was abandoned between 1625 and 1748, and in 1793 the houses were relocated to the site where they are today.*




Ein av dei mest markante og vidgjetne prestane på Malmanger gjennom alle tider er Nils Hertzberg (1759-1841). Nils Hertzberg var ein uvanleg kunnskapsrik og generøs person som var godt ømtykt. Han hadde teologisk embetseksamen frå Kjøbenhavn, men skaffa seg i tillegg store kunnskapar innafør matematikk, fysikk, kjemi, landmåling, meteorologi og medisin. Alt i 1802 hadde han gjennomført sitt eige vaksinasjonsprogram mot koppar. Dei meteorologiske dagbøkene han førte frå 1797-1840 er dei eldste observasjonane av temperatur og lufttrykk i Noreg, og kanskje var Nils Hertzberg Noregs fyrste klimaforskar?

*Nils Hertzberg (1759-1841), the most highly profiled and renowned vicar of Malmanger. Hertzberg had achieved a theological degree from the University of Copenhagen, and he was also knowledgeable about such diverse matters as mathematics, physics, chemistry, land surveying, meteorology and medicine. As early as in 1802 he carried through a programme of vaccination against small pox.*



Rosendal teikna av presten Nils Hertzberg rundt år 1800. Her kan ein merkja seg den store skreda som har kome ned frå Malmangernuten. Truleg er dette skreda som gjekk i 1793 og som medførte at Hertzberg flytta tunet opp på Skarpeteigen der det ligg i dag. "Prestegarden med Prestegardsjøa er slik sett også på talefot med dei andre og meir kjende og monumentale bygningane i Rosendalsbygda: Kvinnheradskyrkja i skråninga i nord og Baroniet og Avlsgarden lenger oppe mot aust. Saman gjev desse bygningane eit gammalt, nesten tidlaust inntrykk i dette landskapet." Siv.ark. H. Schelderup.

Drawing by Nils Hertzberg showing the Barony Rosendal, Kvinnherad Church and Malmanger vicarage around year 1800.



Villaplane er ein fin del av det gamle kulturlandskapet. Ei viktig historisk kjelde som fortel om kulturlandskapet og dagleglivet på Malmanger og i Rosendal i tida rundt år 1800 er boka *Minder frå min Barndom og min Ungdom, Med et Prospect af Malmanger Præstegaard* av Carsten Hauch (1790-1872). Han var ein vidgjeten dansk professor, naturfaglærer og forfattar, og levde lukkelege barndomsår hos presten Nils Hertzberg på Malmanger.





Carsten Hauch ( 1790 – 1872) was a renowned Danish professor, an author and a teacher of natural sciences. His childhood years were spent living with Hertzberg at Malmanger farm. In his book “Memories from my childhood and my Youth” he tells of a happy period in his life, and this book is an important historical source which gives us insight into the daily life on Malmanger farm and in the village of Rosendal around year 1800.



Kvinnherad er ein svært rik fornminneregion, også i nasjonal målestokk. Etter ei rekkje utgravingar og fleire oppsiktsvekkjande funn, vert Rosendal og bygdene rundt omtala som eit av dei tyngste fornminneområda i Hordaland. Funna femner over ein tidsepoke på 9000 år.

*Kvinnherad is a region rich in monuments of the past. There has been a number of excavations and many important findings which have made Rosendal and the surrounding villages one of the most important areas of cultural heritage in the county of Hordaland . The findings cover a time span of 9000 years.*



I samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Arkikon og Bergen Museum er det utforma ei utstilling med utgangspunkt i funn frå desse bygdene. Knut E. Skåla, Trygve Nes, Bjørn Helge Skåla og Sylvi Johansson har også deponert funngjenstandar i samlinga. Utstillinga omfattar originalfunn, kopiar, fotomateriale og kart og er permanent lokalisert på Malmanger.

*There is a permanent exhibition from the excavations in Rosendal and surrounding villages on Malmanger farm which has been developed in cooperation with Hordaland County Council, Bergen Museum and Arkikon.*

## Dei fyrste menneska ved Hardangerfjorden

Utstillinga viser korleis dei fyrste menneska som kom til Hardangerfjorden laga reidskapane sine av flint. Men flint fins ikkje i fast fjell i Noreg, og flinten dei nytta fann dei i strandkanten i Noreg, der han var frakta med drivis frå sør. Flintreidskapane vart hogde til med ein hammar av horn. Kartet i utstillinga viser kor høgt havet stod då isen forsvann. Menneska kom i skinnbåtar frå sør, dei budde i skinntelt og flytta ofte. I utstillinga kan du sjå øksar frå eldre steinalder, funne i Rosendalområdet. Øksane har vore skjefte på treskaft. Mange av øksane er laga av grønstein frå steinbrot på Hespriholmen vest for Bømlo. Den utbrotne steinen vart hogd til emne og deretter slipt på ein sandstein med sand og vatn, ein lang og tidkrevjande prosess.

## Lundsmyrbuplassen og Skålabuplassen

Utstillinga viser litt av funnmaterialet frå dei to kjente buplassane frå eldre steinalder. Det er berre steinmateriale ein finn att, alt av skinn, bein, horn og tre er rotne bort. På *Lundsmyrbuplassen* vart det funne mange øksar, dei fleste av grønstein. Fleire har store bruksskadar. Avslag av flint og litt bergkrystall fortel om reiskapsproduksjonen. Dei små, smale stykka har vore sette inn i skaft av bein eller tre, og nytta som piler, spyd og knivar. *Skålabuplassen* er om lag tusen år yngre enn Lundsmyrbuplassen. Utstillinga har to små fiskesøkke av kleberstein, eit smykke av dyretenner og noko av det som var laga av bein; fiskekrokar, nål og skaft. Frå Omvikedalen er det også fleire funn frå yngre steinalder, då jordbruket hadde fått innpass i området: våpenøks, tre flintdolkar, ein stor spydspiss av flint, ein liten flintdolk, flintsigd, to store flintavslag nytta til kniv eller skrape, og ein typisk pilespiss. Ei slipeplate av kvartsitt vart nytta til å slipe øksar med. Utgravingane har gitt mange funn av buplassar frå bronsealder. På Skålabuplassen fant ein også fine spor av ein ard, ein primitiv plog, som fortel oss om ein gamal åker som har vore nytta før bronsealderhuset vart bygd.



### *The first inhabitants in the Hardangerfjord region*

*The exhibition displays how Stone Age people, the first inhabitants of the Hardangerfjord region, made artefacts from flint. Flint is not present in Norwegian rocks, and the flint chunks found along the beaches were transported from Denmark by drifting ice. Not long after the coast became free of ice, people began to move into Norway from the south in small boats made of hide. People lived together in small groups in tents made from hide, and moved around frequently in search of food – seal, whale, fish, shell and reindeer. Most of the axes found in the Rosendal area are made of greenstone from a quarry on Hespriholmen west of Bømlo. After shaping a “roughout”, the axe is further chipped into shape and finally polished on a grinding stone made from sandstone. The axes were hafted on a wooden or bone handle. Around 8000 years ago, the shoreline was about 19 m above present day’s shoreline. Two settlements have been found so far: Lundsmyr and Skåla. Lundsmyr has been dated to be about 8500 years old, and Skåla about 7500 years old. From Lundsmyr a whole range of heavily worn axes, flakes of flint and rock crystals from the production of tools, and a piece of grinding stone, have been found. The artefacts from the Skåla site is similar to those from Lundsmyr, but in addition are the two small sinkers made from soapstone and used for fishing in shallow waters.*



Malmanger Gard ligg mot sør i bygda, der det moderne Rosendal med bustadområda møter det gamle, opne kulturlandskapet og det høge fjellmassivet Malmangernuten. Malmanger Gard er ein viktig og godt synleg del av det veldrivne kulturlandskapet i Rosendal. Løerabben med Hestamyro i bakgrunnen.



To hjortekoller med kvar sin kalv på Malmanger. Kvinnherad har den største hjortestamma i Noreg, og få stader er dette flotte dyret meir synleg enn på Malmanger gard. Om vinteren kan det vera meir enn 50 kalvar, koller og bukkar som samlar seg for å få litt tilleggsfor.

*Kvinnherad has the largest deer herd in Norway, and nowhere else can these magnificent animals be viewed at closer range than at Malmanger farm. More than 50 stag, calves and hind gather on the farm in winter.*

Malmanger er eit av 14 godkjende besøksmål knytta til Folgefonna nasjonalpark, og inngår i samarbeidet mellom bygder rundt Folgefonnhalvøya.

*Malmanger farm is one of 14 approved visitor's centres connected to the Folgefonna National Park.*

#### **Kontaktpersonar:**

*Øystein Skaala, RosendalStiftinga: tlf 53 48 42 85, 476 27 878  
Anfinn Bondhus, Malmanger gard: tlf 53 48 10 81*

*[www.rosendalstiftinga.no](http://www.rosendalstiftinga.no)*

Øystein Skaala, Anfinn Bondhus, Signe Nygaard og Helen Petersen (foto)

RosendalStiftinga 2009



KVINNHHERAD KOMMUNE



**Folgefonna  
Informasjonssenter**

Tlf 53 48 31 00/53 48 42 80



**ROSENDALSTIFTINGA**

Postboks 190, N-5486 Rosendal  
Tlf 53 48 42 85, 53 48 15 90  
[www.rosendalstiftinga.no](http://www.rosendalstiftinga.no)  
[folgefonna@rosendalstiftinga.no](mailto:folgefonna@rosendalstiftinga.no)

